



## Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Miljødirektoratet  
Postboks 5672 Torgarden  
7485 Trondheim

Dato: 19.04.2023  
Arkivkode: K2-K40, K3-&32  
Dykkar ref.  
Vår ref. 19/448-37  
23/10719  
Jarle Lunde

### TILTAK FOR Å UNNGÅ Å FELLING AV GPS MERKA VILLREIN

Villreinnemnda for Setesdalsområdet hadde møte 13.april 2023 der ein gjennom vedtak mellom anna ber Miljødirektoratet om å vurdere ei endring i hjorteviltforskrifta som gir nemnda myndigheit til å gjere det ulovleg å felle GPS-merka villrein.

#### Vedtak

*Villreinnemnda vil sterkt understreka at villreinen i heiane våre som er merka med GPS sendar ikkje må fellast under jakta. Desse dyra er særst viktige for å gi kunnskap, og ikkje minst som eit verkemiddel for å unngå mogleg spreining av skrantesjuka. Dersom merka dyr fellast aukar dette sjansen for at nye dyr må merkast, noko som gir ein uønskt og unødig stressituasjonen for dyra.*

*Det må gis god og tydeleg informasjon til alle villreinjegerar om at det er viktig at desse dyra ikkje blir skutt. Villreinlag og valdansvarlege bør og vurdere sanksjoner om det blir felt gps-merka villrein.*

*Villreinnemnda meiner at informasjon om merkeprosjektet knytt til skrantesjuka må styrkast frå og med 2023. Viktigheita av merka dyr må framhevast. Då dette er ei problemstilling som gjeld for fleire villreinområde, bør det lagast ein felles informasjon og formidlingsplan med mål om å frede merka villrein. Dette må nå fram til alle relevante organisasjonar, villreinlag, valdansvarlege og jegerar før og under jakta i 2023. Ein må formidle budskapet via ulike plattformer. Dette er eit arbeid som ligg naturleg til Norsk villreinsenter.*

*Villreinnemnda ber sekretariatet leggje fram dette initiativet til Norsk villreinsenter.*

---

Suldal kommune har sekretariat for Villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.  
Tlf: 404 18 967  
E-post: [jarle.lunde@suldal.kommune.no](mailto:jarle.lunde@suldal.kommune.no)  
Nettside: [www.villrein.no/setesdal-nemnd/](http://www.villrein.no/setesdal-nemnd/)  
[www.suldal.kommune.no](http://www.suldal.kommune.no)



*Villreinnemnda ber Miljødirektoratet om å vurdere ei endring i hjorteviltforskrifta som gir nemnda myndigheit til å gjere det ulovleg å felle GPS-merka villrein.*

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Med helsing

Jarle Lunde  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur*

**Kopi til:**

Norsk villreinsenter Sør  
Setesdal Austhei villreinlag  
Setesdal Ryfylke villreinlag

v/ Svein Ekre  
v/ Kristian Eiken  
Olsen

Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell Villreinnemnda for Brattefjell-  
Vindeggen  
Villreinnemnda for Forollhogna  
Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet  
Fjellheimen og Raudafjell Villreinnemnda for Nordfjella  
Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen  
Villreinnemnda for Rondane og Sønkleppen  
Villreinnemnda for Snøhetta og Knutshø  
Villreinnemnda for Sogn og Fjordane